

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 27

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voss.

Emne: Fisk i kosthaldet.

Bygdelag:

Oppskr. av: Johannes Lid (f.1886)

Gard: Lid.

(adresse): Botanisk Museum, Oslo

G.nr. 189 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, etter røynsle i 1890-åra

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oslo 24. mars 1951.

*Johannes Lid*

## SVAR

- A.
2. Førre 1883 henta vøssne fisk og sild på Eide i i Granvin. Sidan kjem fisken mest med toget frå Bergen.
  3. Turrfisk var vanleg vare hos handelsmennene på Vangen det fyrste eg minnest, og den har nok frå eldgamal tid vore brukt til lutafisk på Voss både til høgtidene og til dagleg bruk. Likeeins spekesild. Fersk sild er ein nyare skikk.
  4. Turrfisk og spekesild. Førre 1900 brukte dei ikkje fersk fisk på Voss anna enn på Vangen. Nokre få stader attmed Vangsvatnet og Lønavatnet kunne dei nok ta noko røyr, men ho vart mest seld. Ein ekte vossing tykte ikkje fersk fisk var mat, det kunne vera så ein fysemate, men ikkje noko til å verta mett av, slik som av kjøt og flesk. Spekesild derimot var god mat. Men det var ikkje alle som tolde henne. Ho mor var glad i sild, men han far likte ikkje sild, så det vart ikkje så mykje me brukte. Turrfisk brukte me derimot ofte, og alltid til jol og påske. Me bløytte han i groene og luta han i sjølvлага lut. -- Dei fortel om postmeister B. J. Johannessen (f. i Bergen 1844, d. 1925) at han og eit par til var komne opp til Rokne sjølvbedne ein gong i jola. Så sa kona at ho dessverre ikkje hadde lutafisk. Å det gjørr ikje någe, sa Johannessen, i mangel av lutefisk tager vi kalvesteg.
  7. No (1950) et dei mykje meir fisk på Voss enn dei gjorde før. Det er vanleg no borte i bygda å kjøpe på fersk fisk.
  9. Heilt frå eg var liten høyrde eg om at i gamle dagar skulle tenarane i prestgarden på Vangen ha sikra seg at dei ikkje fekk laks meir enn to gonger i veka. For i gamle dagar var det stort laksefiske i vosso attmed prestegardslandet. Men i mitt minne har laks alltid vore luksusmat som ikkje kom på bordet hos folk flest.
  20. Sjå ovafor. Folk luta sjølve. Ikring 1905 tok ei bergensdame, Nelly Gjertsen, til med handel på Vangen, og ho var den fyrste eg veit av som selde ferdig lutefisk på Voss. Det var lett vint, men folk tykte det var fælt å kjøpa så dyrt vatn. Rakefisk har eg ikkje høyrte om at dei laga på Voss, Men det kunne henda dei fekk or Eidfjord. Han Ola Lisseim på Tvilde skulle ha fenge noko ein gong fortalte han Nils Bjørgum. Det var fysemate.